

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 15/9013-7

Tildeling av tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 72.9 Verdsarv

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert løvyd kr. 120 000 til istandsetjingstiltak på lòa på gb.nr. 64/1 Gudvangen gard.
2. Løyvinga vert finansiert av disponible midlar frå Statsbudsjettet kap. 1428 post 72.9 som fylkeskommunen fekk tildelt i 2011.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden
 Søknaad om strakstiltak Løe 64/1 Aurland kommune

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kvart år søker fylkeskommunen Riksantikvaren om tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 verdsarv til gjennomføring av ulike prosjekt i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Målet med tilskotsordninga er å forvalte stadane på UNESCO si verdsarvliste i tråd med forpliktingane i UNESCO sin verdsarvkonvensjon og dei internasjonale retningslinjene frå UNESCO.

Av ulike grunnar er det ikkje alltid at prosjekta som får tilskot vert gjennomført. Tilskotet til desse prosjekta vert etter ei tid trekt tilbake og fordelt til nye prosjekt i området. I administrativt vedtak av 16. juni 2015 vart kr. 485 000 som var fordelt til prosjekt i 2011 og 2012 trekt tilbake. Kr. 100 000 av desse midlane vart i HNK-sak 2/16 fordelt til prosjektet «Berekraftig og bruksretta besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling». Etter denne tildelinga står det att kr. 385 000 av dei tilbaketrekte midlane som kan fordelast til nye prosjekt. Primært ynskjer fylkesdirektøren at hovuddelen av tilskot frå tidlegare post 72.9, noverande post 79, vert løyvde til konkrete istandsetjingsprosjekt på kulturminne i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden.

Vestnorsk fjordlandskap er innskrive som eit naturområde, men i innskrivinga er kulturminna trekte fram som ein tilleggsverdi som set det storslåtte kulturlandskapet i perspektiv. Fylkeskommunen har som regional kulturminnestyresmakt eit ansvar for å bidra til at kulturminna i verdsarvområdet vert tatt i vare på ein god måte. Tilskot frå post 79 verdsarv er eit av dei verkemidla fylkeskommunen har til dette arbeidet, og det er eit mål at mest mogleg av midlane frå post 79 går til konkrete istandsetjingstiltak i verdsarvområdet.

Det er eit mål for fylkeskommunen at forvaltninga av nyare tids kulturminne i området skal vere eit eksempel på beste praksis i kulturminneforvaltninga. Når det gjeld verneverdige bygningar i verdsarvområdet vart det i 2014 utarbeidd «Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap –

delområde Nærøyfjorden». Planen vart handsama i hovudutval for kultur i sak 44/14 der dei gjorde følgjande vedtak:

1. Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden; jf vedlegg 1, skal vere retningsgjevande for fylkeskommunen sitt engasjement for bevaring og istandsetjing av verneverdige bygningar i verdsarvområdet.
2. Restaureringsplanen skal vere retningsgjevande i samband med fylkeskommunen si fordeling av midlar frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 Verdsarv.

Det er eit prinsipp for å gje tilskot til istandsetjing frå post 79 at arbeidet vert gjort etter antikvariske prinsipp. Det vil seie at så mykje som mogleg av opphavleg material vert teke vare på og nytta om att. Material som er så skada at den ikkje kan nyttast om att, skal erstattast av ny material av same kvalitet og utforming som den opphavlege.

26. april mottok fylkeskommunen ein søknad om tilskot til strakstiltak på låven på gb.nr 64/1 Gudvangen gard. Tiltaka skal hindre ytterlegare forfall og er eit første ledd i eigar sitt arbeid med å setje låven i stand. Låven er i Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden gitt 1. prioritet for området Nærøydalen. Løa er ein del av eit gardstun med fleire eldre bygningar. I tillegg til bygningane har tunet og ein eldre vernemur mot fonnvind. Eigar har tidlegare fått tilskot til å setje i stand vernemuren HK-sak 14/14 og dette tiltaket vart gjennomført på ein god måte.

Løa det no er søkt om tilskot til istandsetjing av, er i dag ikkje i bruk. Eigar har planar om ny bruk av den i samband med drifta av Gudvangen camping. Den nye bruken vi bli ein del av deira næringsverksemd ved at dei ynskjer å nytte den til selskapslokale, kurs, konferanse og formidling i saman med eit nytt bygg dei arbeider med å prosjektere. Før løa kan tilpassast og oppgraderast til ny bruk, er det behov for at den vert sett i stand.

2. Vurderingar og konsekvensar

Dagens tilstand på løa er forholdsvis dårleg, men ved å gjennomføre dei omsøkte tiltaka vil ein stoppe forfallet og få gjort noko av istandsetjingsarbeidet. Samstundes må ein planlegge ei meir heilskapleg istandsetjing i løpet av 2017/2018. Eigar har fått utarbeidd tilstandsrapport og kostnadsoverslag for både strakstiltak som bør gjennomførast i 2016 og for ei ferdig istandsetjing. Strakstiltaka som eigar søker om støtte for no er mellombels tetting av tak, utskifting av øydelagde delar av kledningen, utskifting av øydelagde bjelkar i sørveggen, reparasjon av dører og vindauga, samt nye kopiar av dører og vindauga som ikkje kan reparerast. Totalkostnaden på strakstiltaka er av utøvande handverkar kostnadsrekna til kr. 163 175.

Tiltaket, slik det er skildra i søknaden, vil etter fylkesdirektøren si vurdering ivareta bygningen sine kulturhistoriske verdiar på ein god måte ved at ein no får stoppe forfallet og får tatt vare på så mykje som mogleg av den opphavlege materialen i bygningen. Fylkesdirektøren finn det positivt at eigar startar opp arbeidet med å bevare låven og dei kulturhistoriske verdiane i den. Strakstiltaket som det no er søkt om tilskot til, er å sjå på som starten på ei heilskapleg istandsetjing som igjen vil bidra til ei vidareutvikling av næringsverksemda ved Gudvangen camping. Vidare er ei tildeling av tilskot til dette prosjektet i tråd med målsetjinga med å utarbeide ein restaureringsplan for verdsarvområdet og oppfyljing av hovudutval for kultur sitt vedtak i sak 44/14.

Fylkeskommunen har pr. dags dato ståande kr. 185 000 løyvd i 2011, kr. 200 000 løyvd i 2012 og kr. 54 000 løyvd i 2016 som ikkje er fordelt til konkrete prosjekt. Av desse midlane gjer fylkesdirektøren framlegg om at kr. 120 000 av midlane frå 2011 vert løyvd til dei omsøkte strakstiltaka for å stoppe vidare forfall på låven ved Gudvangen gard.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for næring og kultur til å gjere vedtak i tråd med tilrådinga.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)